

Per Spødervold, 2002:

## Den snørrike vinteren og seine våren i 1877

Sakarias Hegelstad (1839-1932) kjørte ei gong ein vegingeniør forbi Brådli i Bjerkreim. Ingeniøren lurte på kva tid denne vegen vart bygd. *"Det var det året me fekk den store snøkaven"*, svarte Sakarias. Dette forstod ingeniøren lite av, så han spurte opp att: – *"I sjuogsytti, i sjuogsytti"*, svara Sakarias.

Historia viser at snøvinteren 1877 sette merke etter seg i minnene hos folk. Det var ein av dei hardaste og mest langvarige vintrar i historien vart det sagt.

### VÅRONN VED JONSOK

-Snøen la seg tidleg på hausten og blei liggjande i store masser til bortimot juni. Våronna fekk ein ikkje gjordt før bortimot jonsok, skreiv Viljen Nedrebø i ein avisartikkel i 1936. Han var 11 år denne vinteren og kunne minnst korleis det var.

Men det var i april at dei uvanlege snømengdene kom. Det snøa dag og natt. Ivar Veen (1844-1933) sette ein dag ut alnamålet (ei alen = 63 cm) i snøen, og det snøa under på ein dag, er det fortalt.

Svale Eikeland (1854-1939) var dette året ute på eksis. Han fortalte at då han fekk permisjon den 5. mai og reiste heim, var det enno så mykje snø på Eikeland at dei såg bare litt av toppane på steingjerde. På Bue var det ikkje ein snøbar plett den 7. mai og vatna var islagde, står det i eit lesarbrev i Stavangeren. Snøen la seg og på vatn som ikkje var islagde. På Espeland kjørte med hest og slede på Storavatnet 17. mai, vert det fortalt.

### SLO I HEL LAMMA

Verst var likevel formangelen, det store samtaleemne blant folk. Når folk møttes, sa dei ikkje: "Koss står det til?", men heller "Koss er det med dyra, -eller koss er det med foret?".


Sommaren før hadde det vore tørke, så det var lite høy i løene. I tillegg heldt folk fleire dyr enn dei på ein skikkeleg måte kunne fø. Difor svalt sauene i fjøsa og mange dauda. Dei vart "dregne på røys", som ein sa. Ein mann på Skjæveland slo bare i hel lamma som kom til verda, det fanns ikkje eit strå i løa hans.

Det var lite høy å få kjøpa og prisane vart urimeleg høge. Amtmannen bad alle folk som hadde høy til salgs om å melda seg for å redda krøtera i "fjellbygdene". Men all den lause og blaute snøen gjorde det vanskeleg å kjøra med hest, utan at ein bandt truger på hesteføtene. Og truger var det mange som ikkje hadde, eller var vande med å bruka. Difor bar folk høyet på ryggen og vassa i djup snø. Ein husmann på Skjæveland bar heim ei bør

halm på ryggen frå Nordås i Gjesdal, mest ei mil borte. Ein mann på Veen gjekk til Dirdal og fekk kjøpa 150 kg høy, som han bar opp Giljabrekka i sekker og kjørte over Vinjaheia.

## LANGTRANSPORT AV HØY

Ville ein ha høy eller halm måtte ein elles kjøra langt, kanskje til Jæren eller til Stavanger. Den 30. april var Enok Areson Ivesdal (1846-1910) på Tjensvoll ved Stavanger etter eit lass på 1,5 skipspund (240 kg) med høy. Då han kom på Storavatnet, brast isen, og mann, hest og slede gjekk i vatnet. Men lukkelegvis blei alt redda.



*Då Enok Ivesdal gjekk gjennom isen på Storavatnet. Tegning: Siv Grete Bøhn.*

Mange redda dyra med å skava bork av raun, selja, eik eller osp. Men det var eit fælt strev, og heile dagane gjekk med til dette arbeidet. På grunn av snømengden, var det og vanskeleg å kjøra greinene heim med hest og slede, så ein skov helst ute i skogen og bar skavet heim i sekker på ryggen, på ski. Ungane måtte og vera med. ”Stadig måtte vi unger være med og holde og snu stokkene etterhvert som man skavet borken av dem”, skreiv Viljen Nedrebø i 1936.

Kyrene som fekk skav to gonger om dagen, vart etterkvart så magre og smale at dei likna på fjøler, men ein måtte prøva å halda liv i dei til dei kom på beite. Sauene som bare fekk opphakka skav måtte helst og ha litt havre eller rugkli for å overleva. Dermed gjekk det ut over den maten folk skulle ha utover sommaren.

## SAUER PÅ REK

Uti mai minka snøen i nedre bygda og lyngbakkane kom fram i dagen. Då fekk dei øvre gardane lov å jaga smalen sin dit ned. Frå Nordgardane jaga dei sauene til Vikeså, og

frå Veen og Espeland jaga dei alt ned til Tengesdal og Fotland. Men sauene lika seg ikkje i dei framande markene i nedre bygda, og nokre søkte heim att. Mest kvar dag kunne ein sjå sauer som rekte heim langs isen på Hofreista og Storavatnet. På Ivesdal var det ein avblåst flekk bak ein odde i Hofreista. Før riksvegen kom her, måtte ein jaga sauene over isen for å koma dit. Etterkvart morkna isen i sola og størsteparten av sauene gjekk gjennom isen og drukna.

Den barske snøvinteren heldt på å ruinera folk. Først hadde ein kjøpt dyrt høy til dyra, som kanskje likevel strauk med. Så kom kornet så seint i jorda at det ikkje vart skjært. Dermed måtte folk i Bjerkreim oppta lån med kommunegaranti, det såkalla ”ruglånet”, for å få kjøpt mat til seg sjølv.

Men det var ikkje bare rug som vart kjøpt. Det var alt av matvarer som ein billigast kunne få tak i. Erter fekk dei den gongen billig på grunn av eit haveri. Det vart kjøpt erter som vart male til mjøl og brukt til graut, flatbrød og anna. ”Jeg husker vi ble stappet med erter så vi til slutt nesten ikke orket å høre snakk om dem” skriv Viljen Nedrebø i avisartikkelen sin.

## SNØEN TOK LIV

Snøen var og ein medverkande årsak til to dødsulukker i Bjerkreim denne vinteren: I ”Stavanger Amtstidende og Adresseavis” står den eine ulukka omtala: Ei tenestejente til Sven Pederson Eikeland (1838-1910) skulle i månadskifte april-mai eit ærend til Austrumdal etter nokre klede til ”sin Husbonds Svigermoder”. ”Da Sneen endnu i tykke Lag dekker Fjeld og Dal, matte hun gaa paa Ski”, står det i stykke. Jenta kom til Austrumdal, henta kleda, og tok straks til på heimvegen. Men ho kom aldri attende til Eikeland. Det vart leita etter henne i fleire dagar. Dei fann skispora utover Austrumdalsvatnet som var ”belagt med tyk Is og ovenpaa denne ligger megen Sne”. Spora forsvann ved elva som renn frå Austrumdalsvatnet, så dei trudde ho måtte ha falt nedi her og drukna, sjølv om dei ikkje fann noko lik. Men i følge gamal tradisjon i Bjerkreim, skulle ho gått gjennom snøisen og drukna på Hofreista så kanskje vart liket funne seinare.

Den andre ulukka er referert av lensmannen i ”Stavangeren” 16. mars 1877: På Vassbø var brødrene Tønnes (29 år) og Ådne Jakobson og Knut Ivarson (39 år) lørdag den 3. mars og hogg ”Brendeved og Skovved” på den austre sida av Ørdsdalsvatnet. Veden måtte dei styrta nedover ein 250 meter høg skrent før den landa i vannkanten. Noko av veden blei hangande fast i den djupe snøen og i nokre greiner på kanten. Då Tønnes skulle løysa dette, skrei han og falt utføre og slo seg i hjel. Brøren Ådne vart så forfjamsa at han mest og hadde dotte utføre, men Knut fekk tak i kleda og drege han bort frå kanten. Då Ådne og Ivar kom ned til båten, løysna eit stort snøskred. Det var bare sekund om å gjera at dei ikkje vart levande gravlagde. Ådne (1842-1888) gifta seg to år seinare til Gjedrem og vart far til Anne og Else som budde på den nå nedlagde garden ved sida av der André Gjedrem bur i dag.

\*

Aaland Gård, desember 2011  
Paul Tengesdal